



PRESSEMELDING

PROSJEKTET "BEITE SOM RESSURS FOR LANDBRUKET OG BYGDA" I VEST-AGDER, AUST-AGDER OG TELEMAR 2008-2009

Bondelaga, og Bonde- og småbrukarlag i Telemark og Agder skal i 2008/09 gjennomføre eit toårig samarbeidsprosjekt med fokus på husdyrhald, beite og kulturlandskapskjøtsel.

Hovudmålet med prosjektet er å: **sikre og auke beitebruken for å ta vare på kulturlandskapet i fylka Telemark, Vest- og Aust-Agder, samt identifisere tiltak og ordningar som kan styrkje driftsøkonomien i husdyrproduksjonar gjennom aktivt beitebruk.**

Prosjektet skal gjennomførast med 10 utvalde pilotkommunar, som kvar skal gjennomføre eigne delprosjekt der det skal prøvast ut ulike metodar og for samarbeid, organisering og effektivisering av beitebruken og landskapskjøtselen. Pilotkommunane vil få fagleg og økonomisk støtte til å planleggje, gjennomføre og vurdere effekten av tiltak. Det er setjast av inntil kr 200.000,- årleg i kvar pilotkommune i form av kapital og eigeninnsats, for å setje i gang og gjennomføre tiltaka.

Det har komme totalt 13 søknader om pilotstatus, som omfattar totalt 15 kommunar. Av desse kjem 8 av søknadene frå kommunar i Telemark. Det skal være 3-4 pilotar i kvart fylke. Pilotane skal veljast av styringsgruppa i møte 08.02.08.

I tillegg til tiltaka i pilotane skal hovudprosjektet fokusere på og informere om husdyrbruk og kjøtsel av kulturlandskap, og prøve å betre rammevilkår og lønnsenda i dei husdyrproduksjonane som er viktige for kulturlandskapet. Bøndene skal bevisstgjera på kulturlandskapsarbeidet dei gjer, og viktigheta av kulturlandskap for reiseliv, busetjing og trivsel skal synleggjerast.

Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunane, faglag, landbruksavdelingane hos Fylkesmennene og Landbruks- og matdepartementet (LMD). LMD har støtta prosjektet med kr 1.000.000,-.

Det er nedsett følgjande styringsgruppe:

Åse Ingebjørg Homme, Aust Agder Bondelag, leiar av styringsgruppa
 Ingvar Sundvor, Telemark Bonde- og Småbr. Lag
 Åse Egeland, Landbruksdirektør, FMLA Telemark
 Thor Jørgen Tjørhom, Ordførar, Sirdal kommune
 1 Representant frå pilotane

Til å drifte prosjektet sentralt er det tilsett prosjektleiar i heil stilling, med kontor plass hjå Telemark Bondelag i Landbrukets Hus, Sauherad. Hans Jørgen Aase er tilsett i stillinga frå 01.01.08.

Postadresse: Landbrukets hus, Brenna, 3810 Gvarv.	Besøksadresse:	Telefon: 35 95 90 30	Telefaks: 35 95 90 39	E-postadresse telemark@bondelaget.no
Telemark Bondelag	Org.nr.: 00939678670	Bankkonto: 2630.07.00526	Internet:	
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392		www.bondelaget.no/telemark